

Informasjon om praksis i samband med innløyising av areal, dekning av utgifter til juridisk hjelp i høve forhandlingar med Granvin herad om erverv av grunn og/eller rettar knytta til grunn mm. Som utgangspunkt er nytta Statens vegvesen sitt informasjonsskriv om same tema.

1 Kva kan innløyisast.

Som utgangspunkt innløyisar Granvin herad berre areal knytt til ny arealbruk omfatta av tidsfrist i plan og bygningslova, jf. plbl kap. 15 og 16.

2 Dekning ut over det som fylgjer av lov

2.1

Utgangspunktet er at grunneigarar etter lova ikkje har krav på å få dekka utgifter til juridisk hjelp i samband med forhandlingar om kjøp av areal og/eller rettar. Granvin dekker heller ikkje grunneigars utgifter til juridisk hjelp i samband med handsaming regulerings- eller kommuneplan.

Om forhandlingar skjer under trussel om oreigning, vil likevel slike utgifter bli dekka om forhandlingane endar opp med ein kjøpekontrakt. Vilkåret for det, er at det ligg føre eit klart og skriftleg samtykke og at dette vert avklart i forkant.

Om forhandlingane ikkje fører fram, vert advokatkostnader ikkje dekka. I særskilde høve kan dette likevel skje. Vilkåret for det, er at det ligg føre eit klart og skriftleg samtykke.

2.2

For forhandlingar knytta til innløyising av eigen bustad/fritidsbustad, vil naudsynte kostnader alltid bli dekka. Ein bør inngå eigen avtale om dette på førehand.

2.3

For arbeid knytta til forhandlingar om inngåing av avtale om tiltreding av grunn (arbeidsløyve) med etterfylgjande skjønn, vil Granvin herad dekkje kostnadane til juridisk hjelp. Skjønnsretten skal då ta stilling til storleiken på utgiftene etter same reglar som i skjønnslova § 54.

Granvin herad vil seia frå til retten om at utgifter til advokat i høve inngåing av arbeidsløyve, vil bli dekka. Om dekningsomfang sjå punkt 3.

Der forhandlingar om arbeidsløyve ikkje fører fram og oreigningsvedtak må skje, vil Granvin herad ikkje dekke utgifter til juridisk hjelp utan at dette er fastsett i et skjønn. Krav om dekking før skjønn er avsagt, kan eventuelt skje på grunnlag av oreigningslova § 15.

3 Dekning i samsvar med lov. Oreigningslova § 15 og skjønnslova § 54.

For naudsynte utgifter til juridisk hjelp, som kjem til i samband med vedtak om ekspropriasjon, vert vist til oreigningslova § 15. Kostnader etter § 15 kan krevjast dekka etter at det er sendt ut varsel om at det kan bli gjort vedtak om oreigning.

For ordens skuld vert vist til at etter at krav om skjønn er sendt retten, vil naudsynte utgifter for tingretten / fyrste instans bli dekkja i samsvar med skjønnslova § 54, jf. gjeldande rett knytta til praktisering av denne lovregel.

4 Nivå på kostnader og utgifter

Der Granvin herad etter retningslinjene i skrivet her vil dekkja kostnadane, vil advokathonoraret i alle tilfeller bli avgrensa til kva som er rimeleg og naudsynt.

Reglane i skjønnslova § 54 med tilhøyrande rettspraksis om kva som er "nødvendige" kostnader, vil bli lagt til grunn.

Granvin herad vil alltid påkalla at om det ikkje ligg føre klare motstridande interesser og/eller det er svært mange grunneigarar, må grunneigarane samle seg om ein advokat. Om det er fleire advokatar på grunneigarsida må dei straks ta opp med kvarandre kven som skal tre ut. Den som trer ut vil normalt bli honorert.

Timeprisen til advokaten må ligga innafor det som vert akseptert ved skjønn.

Alle rekningar / salærkrav, og der det er avtala utbetaling à konto, skal vera oppsett i samsvar med Reglar for god advokatskikk og salærretteleinga frå Advokatforeningen. Liste med spesifisert timebruk må fylgjeleg liggja vedlagt.

5 Faktureringsrutinar

Summane som vert utbetalte i tilknytning til avtale om tiltreding av areal (arbeidsløyve), og der det vert halde etterfylgjande skjønn, er forskot. Endeleg nivå på sakskostnadane vert fastsette av skjønnsretten jf. punkt 1.3.

Eit vilkår for utbetaling av à kontobeløp, er at sakskostnadsoppgåva som seinare vert sendt skjønnsretten omfattar alle kostnader som har kome til frå det tidspunkt det er grunnlag for krav om dekning av sakskostnader.

Sakskostnadskravet som vert sendt retten må vera oppdelt slik at det går fram kva som vert kravd ut frå enten ovannemnde punkt 1, oreigningslova § 15, eller skjønnslova § 54.

Om forhandlingar tek lang tid og/eller det vil ta ei tid før eit skjønn vert halde, kan det sendast faktura ein gong pr. halvår for utbetaling av ein à konto sum. Storleiken på à konto-summen må avtalast på førehand med Granvin herad.

6 Status for dette skrivet – endring

Med dette skrivet vonar me å unngå mistydingar knytta til dekking av utgifter til naudsynt juridisk hjelp, og ser fram til eit godt samarbeid. Ser De likevel uavklarte spørsmål, ber me om at dei vert tekne opp med oss ved første høve.

Om det er punkt i dette skrivet som De meiner ikkje skal gjelda for oppdraget, må det snarast seiast frå om dette skriftleg til Granvin herad.

For ordens skuld vert minna om at informasjonen i skrivet her er å sjå på som underordna lov, forskrifter og rettspraksis. Retningslinjene kan bli endra, og vil då straks ha verknad for alle nye forhold etter endringsdato.

Granvin herad, august 2013